



**IMPONERT:** Tove Brandvik er imponert over det flotte arbeidet Hjelp Moldova står bak. –Utan hjelp frå Norge og Hjelp Moldova hadde vi stått på bar bakke. Alt teknisk utstyr er norsk, vi har fått avansert kirurgisk utstyr, møblane er norske, og biblioteket kjem frå Haukeland sjukehus i Bergen, seier professor Cusnir. Han reknar med at verdien av tilført utstyr for eitt enkelt år kjem 7,5 millionar kroner. (Alle foto: Kåre Ness)

# Sterkt møte med fattig-Europa

**MOLDOVA:** – Eg ser at Moldova på alle plan har umetteleg trong for hjelp og bistand til å byggja landet. Eg er imponert over det Hjelp Moldova står for i så måte.

**ARTHUR KLEIVELAND**  
arthur@nordhordland.no

Storingsrepresentant Tove Brandvik frå Lindås slo følge med Kåre Ness i Hjelp Moldova til Chisinau. Den tidlegare Lindåsordføraren har over lang tid vist interesse for dette hjelpearbeidet, som først og fremst er ret-

ta mot synshemma. No fekk ho ved sjølsyn erfarar korleis kvardagen for vanlege folk og folk med nedsett funksjonsevne i Europas fattigaste land kan arta seg.

## Langt meir enn milde gåver

–Innsatsen som Hjelp Moldova driv dreier seg ikkje om milde gåver, men om å byggja struktur, kompetanse, kapasitet og varige verdiar, seier Brandvik. Storingsrepresentanten frå AP ser at Hjelp Moldova jobbar svært godt med å sikra at det blir bygt strukturar i Moldova som vil leva vidare uavhengig av hjelp frå organisasjonar. Det synes ho er ei veldig viktig arbeidsform utover den reint akutte bistanden. Moldova vil trenga hjelp frå

omverda for å kunna koma opp på eit godt nivå. Brandvik er veldig glad for dei store ressursane Hjelp Moldova brukar på å læra opp utdanningssektoren og det medisinske miljøet.

## Medisinsfagleg opplæring

–Å få innarbeidd det medisinske faglege er viktig, og her leverer Hjelp Moldova opplæring og kurs slik at moldovske legar og helsepersonell får den opplæringa som er nødvendig, seier Brandvik. –Det blir samtidig jobba svært godt med opplæring i å leggja forholda til rette for synshemma sine moglegheiter til utdanning og arbeid.

Først på agendaen sto møte med Moldova sitt Demokratiske

Parti (DP), som er søsterparti til Arbeiderpartiet. I løpet dei siste åra har Hjelp Moldova hatt mange møte med George Turcano, som er viseminister i Helsedepartementet.

## Mildt sagt mangelfull

–Han var orientert om våre samtalar med Tove Brandvik i Norge, og ønskte å invitara henne som representant for det norske søsterpartiet, fortel Kåre Ness.

Tove var spesielt oppteken av DP og den moldovske regjeringa sitt syn på integrering av menneske med nedsett funksjonsevne.

Praksisen på området i Moldova er mildt sagt mangelfull. Men Tove var bra nøgd med å høyra at dei to moldovske politikarane

fortalde at dei har lover som på papiret sikrar rettane til funksjonsevne, og at dette også er omtala i partiprogrammet.

## Opnar augene

–Meir hadde eg ikkje venta meg. Dei har ein lang veg å gå og mange problemstillingar å stri med. Eg trur at kontakten med Hjelp Moldova kan vera med på å opna augene deira når det gjeld å verta bevisst på verdien av å integrera alle som av ein eller annan grunn står utanfor arbeids- og samfunnslivet, seier storingsrepresentanten frå Lindås.



**FØRSTE VESTLEGE POLITIKAREN:** Tove Brandvik var den første vestlege politikaren som møtte DP etter at partiet vart akseptert som medlem av den Sosialistiske internasjonale - samanslutninga av sosialdemokratiske parti. Her i møte med f.v. Tatiana Ghidrimshi, leiar for Hjelp Moldova sitt syssenter, Hans Bjørn Bakke-teig, leiar for Hjelp Moldova, Tove Brandvik, Natalia Rosca frå ungdomspartiet til DR, ærespresident i DR, Dumitru Diacov, og visehelseminister George Turcano.



**UTRULEG INNSATS:** –Svært inspirerende å møta Veronica som gjer ein utruleg innsats for å integrera andre synshemma i arbeidslivet, seier Tove Brandvik. Veronica og Tove fann kjapt tonen, og hadde ein lang samtale på Syssenteret.



**LIVLEG SAMTALE:** Tove Brandvik i livleg samtale med Valerio Chicu frå det medisinske universitetet.